

Hardkokt og rått

Det går snauvt an å leva
i kvardagen – heller

Rønnaug Kleiva har skrivt eit dusin bøker i fleire sjangrar sidan debuten i 1985. Dei som bare har merkt seg namnet kvar gong ho stikk seg blygt fram og får nyhendeoverskrifter for barnebøker (Kritikarprisen for barne- og ungdomsbøker, Kulturdepartementets barnelitteraturpris, for eksempel), har bare fått med seg éi side ved forfattarskapen hennar. Haustens «Fangeteneste» er så hardkokt, rå og grusomt distansert at han bare kan anbefalast til vel vaksne og drivne lesarar. Til dei kan han ikkje anbefalast for sterkt.

«Fangeteneste» er sett saman av eit tjuetals tekstar som ikkje heng saman slik at

dei utgjer det ein plar kalla ein roman. Enkeltvis fortel dei fleste gruvekkande og sære historier om vald og drap, grotesk kjensleløyse, tomskap og brutalitet.

Til saman utgjer dei ein hardkokt tekstmasse som i sine litteraur- og filmhistoriske sjablonar har tilhøyrt livskjenslene i manlege revir. Men ikkje nå lenger.

Eit fleirtal av tekstane har kvinnelege hovudpersonar (frå ungjenter til modne mødrer, helst namn-

lause) og kvinnelege synsvinklar, og kan ha titlar som «Ei

kvinne steller i huset og passsar på ungane sine før ho drep seg». «Ei kvinne blir forlaten og drep ei av døtrene sine». Dei er roleg og tørt fortalte, i eit kvardagsleg, bildefritt og samstundes skinande klart språk, kjøleg, nøkternt, utan faktar. Det dirrande spennet mellom historiene og det coole språket skaper ei spenning i lesaren som skjønnlitterære tekstar bare sjeldan gjer.

Det er praktfullt gjort.



Rønnaug Kleiva:
Fangeteneste
152 s., 248 kr.
Samlaget

Som i hardkokte sjangrar i bøker og film er også dei depriverte antiheltane her utan store ord og geberdar, og som dei er dei rørende sårbare og hjelpelause, same kor mykje dei til synes likesælt drar på sine mentale skuldrar og i løyndom planlegg for liv dei så likevel ikkje beherskar, så gjerne dei ville.

Saman med søsken og foreldre, kjærastar, ektemenn og elskarar. I sum handlar det om kjærleik, eller rettare:

Fråver av kjærleik og fråver av den merksemda som syner at nokon elskar ein. Resten blir stell av innbu og kropp; og kjønn.

Det er ikkje til å halda ut, som det heiter mange stader i ein av haustens store romanar, skriven av ein mann. **Men Rønnaug Kleiva har gjort det til frydefull lesnad.**